



## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Rådhuset, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	16.02.2023
<b>Tid:</b>	10:00 - 13:30

### Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Ravna Skjærvik	Leiar	AP
Vegard Enerstvedt	Nestleiar	H
Anfinn G. Tolås	Medlem	KRF
Arne Zahl Røksund	Medlem	SV

### Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Silje Sivertsen	Medlem	V

### Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Bente Helen Natterøy	Silje Sivertsen	V

### Andre som møte:

Sammy Olsen	Ordførar
Kjetil Aga Gjøsæter	Kommunedirektør
Bjørn Håvard Bjørklund	Kommunalsjef, oppvekst, kultur og idrett (PS 1/23 t.o.m. PS 5/23)
Kjersti Gjuvslund	Forvaltningsrevisor, Deloitte
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Ragnhild Ravne Skjærvik  
utvalsleiar

Helge Inge Johansen  
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

## Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
<b>Godkjenningssaker</b>			
GK 1/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 01.12.2022	2022/68	
<b>Politiske saker</b>			
PS 1/23	Forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov - revisjonsrapport	2022/163	
PS 2/23	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedomsselskap AS - prosjektplan	2022/339	
PS 3/23	Kommunedirektør orienterer om kommunaløkonomisk berekraft i Bømlo kommune	2022/327	
PS 4/23	Henvending gjeldande mobbesaker i Barne- og Ungdomskulen - orientering frå kommunedirektør	2022/58	
PS 5/23	Henvending gjeldande nokre tilsetjingssaker i kommunen - orientering frå kommunedirektør	2022/58	
PS 6/23	Eigarmøte i kommunale selskap og informasjon til kontrollutvalet - orientering frå kommunedirektør	2022/58	
PS 7/23	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 8/23	Årsmelding 2022 for kontrollutvalet	2022/29	
PS 9/23	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2022/66	
PS 10/23	Møteplan 2023 for kontrollutvalet	2022/67	
PS 11/23	Eventuelt	2022/34	
<b>Referat saker</b>			
RS 1/23	VS: Invitasjon til FKTs fagkonferanse 31. mai -1. juni	2022/31	
RS 2/23	VS: Sekretariat for kontrollutvalet frå 01.01.2023.	2022/291	

## **Godkjenningssaker**

### **GK 1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll 16.02.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

### **GK 2/23 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 01.12.2022**

**Saksprotokoll 16.02.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det var ingen merknader til møteprotokoll frå møte 01.12.2022.

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møte 01.12.2022 vart godkjent.

## **Politiske saker**

### **PS 1/23 Forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov - revisjonsrapport**

#### **Forslag til innstilling**

Kommunestyret ber kommunedirektør om å :

1. Sørge for eit planmessig, heilskapleg og systematisk arbeid for barn og unge, under dette:
  - a) Tydeleggjer og plasserer ansvaret for å følgje opp psykisk helsearbeid for barn og unge.
  - b) Syte for at barneverntenesta er tilstrekkeleg involvert i kommunen sitt arbeid som omhandlar førebyggjande arbeid retta mot barn og unge.
  
2. Sørge for at tilsette har tilstrekkeleg kompetanse til å følgje opp barn og unge på ein god måte, under dette:

- a) Sørge for at alle tilsette som jobbar opp mot barn, unge og familiar har god kunnskap om meldeplikta til barnevernet, og kva som utløyer denne plikta.
  - b) Å legge til rette for at tilsette som dagleg er i kontakt med barn og unge har tilstrekkeleg kompetanse til å kunne identifisere barn og unge med ulike utfordringar (t.d. rus- og/eller psykiske helseutfordringar og omsorgssvikt).
  - c) Sørge for at tilsette har tilstrekkeleg kjennskap til kommunen sine lågterskeltiltak for utsette barn og familiar.
  - d) Sørge for at alle tilsette kjenner til, og kan bruke, kommunen sitt overordna rammeverk for korleis tilsette skal gå fram dersom deil opplever bekymring for eit barn (BTI-retteljar og stafettlogg).
3. Sørge for at det er tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver når det gjeld oppfølging av utsette barn og unge i kommunen.
  4. Sørge for at det vert etablert nødvendige skriftlege rutinar og retningslinjer for det førebyggjande arbeidet innan barne- og familietenesta.
  5. Sørge for at det vert lagt til rette for føremålstenleg samarbeid for å sikre heilskapeleg og samordna oppfølging av, og tenester til, barn og unge med særskilte behov. Under dette:
    - a) Sørge for at kommunen har tilsrekkeleg samarbeid mellom kommunen og Sunnhordland internkommunale barnevernsteneste for å sikre heilskapeleg og samordna tenestetilbod til barn og unge i kommunen.
    - b) Å undersøkje kva som er utfordringa i samarbeidet mellom PPT og skular og følgjer opp eventuelle utfordringar for å sikre at aktørane saman bidrar godt inn i tenestene for barn og unge med behov for oppfølging.
    - c) Sørge for at det er tilstrekkeleg tverrfagleg samarbeid mellom tenester retta mot vaksne (t.d. NAV og rus- og psykisk helseteneste) og tenester retta mot barn og unge, for å legge til rette for tidleg innsats til barn og unge (t.d. barn som er pårørande).
  6. Sørge for at det vert sett i verk tiltak som sikrar at tenestene får på plass gode rutinar for å melde frå om manglar eller avvik i samhandlinga for barn og unge.
  7. Kommunestyret ber og om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som har ansvaret for iverksettinga.

## **Saksprotokoll 16.02.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Forvaltningsrevisor presenterte revisjonsrapporten, blant anna formål, problemstillingar, funn og tilrådingar, og svarte på spørsmål.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Kommunestyret ber kommunedirektør om å :

1. Sørge for eit planmessig, heilskapeleg og systematisk arbeid for barn og unge, under dette:

- a) Tydeleggjer og plasserer ansvaret for å følgje opp psykisk helsearbeid for barn og unge.
  - b) Syte for at barneverntenesta er tilstrekkeleg involvert i kommunen sitt arbeid som omhandlar førebyggjande arbeid retta mot barn og unge.
2. Sørge for at tilsette har tilstrekkeleg kompetanse til å følgje opp barn og unge på ein god måte, under dette:
- a) Sørge for at alle tilsette som jobbar opp mot barn, unge og familiar har god kunnskap om meldeplikta til barnevernet, og kva som utløyser denne plikta.
  - b) Å legge til rette for at tilsette som dagleg er i kontakt med barn og unge har tilstrekkeleg kompetanse til å kunne identifisere barn og unge med ulike utfordringar (t.d. rus- og/eller psykiske helseutfordringar og omsorgssvikt).
  - c) Sørge for at tilsette har tilstrekkeleg kjennskap til kommunen sine lågterskeltiltak for utsette barn og familiar.
  - d) Sørge for at alle tilsette kjenner til, og kan bruke, kommunen sitt overordna rammeverk for korleis tilsette skal gå fram dersom deil opplever bekymring for eit barn (BTI-rettleiar og stafettlogg).
3. Sørge for at det er tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver når det gjeld oppfølging av utsette barn og unge i kommunen.
4. Sørge for at det vert etablert nødvendige skriftlege rutinar og retningslinjer for det førebyggjande arbeidet innan barne- og familietenesta.
5. Sørge for at det vert lagt til rette for føremålstenleg samarbeid for å sikre heilskapeleg og samordna oppfølging av, og tenester til, barn og unge med særskilte behov. Under dette:
- a) Sørge for at kommunen har tilstrekkeleg samarbeid mellom kommunen og Sunnhordland internkommunale barnevernsteneste for å sikre heilskapeleg og samordna tenestetilbod til barn og unge i kommunen.
  - b) Å undersøkje kva som er utfordringa i samarbeidet mellom PPT og skular og følgjer opp eventuelle utfordringar for å sikre at aktørane saman bidrar godt inn i tenestene for barn og unge med behov for oppfølging.
  - c) Sørge for at det er tilstrekkeleg tverrfagleg samarbeid mellom tenester retta mot vaksne (t.d. NAV og rus- og psykisk helseteneste) og tenester retta mot barn og unge, for å legge til rette for tidleg innsats til barn og unge (t.d. barn som er pårørande).
6. Sørge for at det vert sett i verk tiltak som sikrar at tenestene får på plass gode rutinar for å melde frå om manglar eller avvik i samhandlinga for barn og unge.
7. Kommunestyret ber og om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som har ansvaret for iverksettinga.

## **PS 2/23 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedomsselskap AS - prosjektplan**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedomsselskap AS.

2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å senda til sekretariatet innan 02.03.2023. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal, inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten vert ferdig innan 31.10.2023 verifisert og inkludert rådmannen sin uttale.

## **Saksprotokoll 16.02.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Forvaltningsrevisor presenterte prosjektplanen slik den kjem fram i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart stilt spørsmål om revisor kunne ta inn i prosjektplanen samanlikning med andre kommunale eigedomsselskap i andre kommunar.

Prosjektplanen vert ikkje endra men revisjonen vil sjå på om det er mogleg å ta inn noko informasjon om dette i rapporten.

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedomsselskap AS.
2. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal, inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten vert ferdig innan 31.10.2023 verifisert og inkludert rådmannen sin uttale.

## **PS 3/23 Kommunedirektør orienterer om kommunaløkonomisk berekraft i Bømlo kommune**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek kommunedirektør si orientering om kommunaløkonomisk berekraft i Bømlo kommune til orientering
2. Utvalet ber om ei ny orientering frå kommunedirektør i første kontrollutvalsmøte i 2024, med frist for levering av notat eller alternativt skriftleg tilfang til sekretariatet innan 15.01.2024

## **Saksprotokoll 16.02.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Kom.dir. orienterte om saka slik det kjem fram av saksframlegget og alle vedlegga til saka, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet takker for all dokumentasjon som er henta fram i saka og den grundige orienteringa.

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet tek kommunedirektør si orientering om kommunaløkonomisk berekraft i Bømlo kommune til orientering
2. Utvalet ber om ei ny orientering frå kommunedirektør i første kontrollutvalsmøte i 2024, med frist for levering av notat eller alternativt skriftleg tilfang til sekretariatet innan 15.01.2024

## **PS 4/23 Henvending gjeldande mobbesaker i Barne- og Ungdomskulen - orientering frå kommunedirektør**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering

### **Saksprotokoll 16.02.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Kom.dir. og kom.sjef - oppvekst, kultur og idrett orienterte om saka ut i frå slik det kjem fram i saksframlegget og vedlegg til saka, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart og orientert om antal saker i perioden 2020 til 2022, og korleis desse vart handtert.

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering

## **PS 5/23 Henvending gjeldande nokre tilsetjingssaker i kommunen - orientering frå kommunedirektør**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering

### **Saksprotokoll 16.02.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Kom.dir. orienterte om rutine og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet gjeldande nokre tilsetjingssaker.

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering

## **PS 6/23 Eigarmøte i kommunale selskap og informasjon til kontrollutvalet - orientering frå kommunedirektør**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering

## **Saksprotokoll 16.02.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Det var orientert kort om saka i møtet. Kontrollutvalet takker for oversikta over selskap kommunen har eigarskap i og avklaring i saka.

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering

## **PS 7/23 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vart teken til orientering

## **Saksprotokoll 16.02.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Kommunedirektør orienterte mellom anna om:

- Personal og HMS
- Økonomi
- Investeringar
- Endring av selskapsavtale i Karmsund havn IKS og fullmakt gjeldande investeringsramme
- Eigedomsskatt og gjennomføring av ny allmenn taksering



- Kostnader til barnehagedrift
- Bømlo kommunen til liks med hundretals andre kommunar, har motteke stevning i sak om barnehagetilskott
- Busetjing av flyktningar frå Ukraina.
- Bustadane i Svendsamyro på Moster - utvikling - avklare med Husbanken gjeldande investeringstilskot til desse bustadande.
- Etablering av eit kommunalt næringsfond basert på bruk av midlar kommunen får frå havbruksfondet

Notat frå kommunedirektør gjeldande orienteringa vert send til utvalsmedlemmane 21.02.22.

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

Informasjonen vart teken til orientering

## **PS 8/23 Årsmelding 2022 for kontrollutvalet**

### **Forslag til innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet.

## **Saksprotokoll 16.02.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Det var ingen kommentar til årsmelding slik den ligg føre i saka.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet.

## **PS 9/23 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

## **Saksprotokoll 16.02.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Møteprotokollane vart gjennomgonggått i møte. Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

## **PS 10/23 Møteplan 2023 for kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2023:

Dato:
16.02.2023
20.04.2023
25.05.2023
21.09.2023
30.11.2023

## **Saksprotokoll 16.02.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Forslag til møteplan vart diskutert. Møte i Kontrollutvalet i april vart endra frå 20.04.til 13.04.

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2023:

Dato:
16.02.2023
13.04.2023
25.05.2023
21.09.2023
30.11.2023

## PS 11/23 Eventuelt

### Forslag til vedtak

Saka vart lagt fram utan forslag til vedtak.

### Saksprotokoll 16.02.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

#### Behandling i møte

Brannstasjonsbygget - konkurs hos totalentreprenør- ny entreprise og avbøtande tiltak

Entreprenør gjekk konkurs. Det er gjennomført ei minikonkurranse gjeldande å få tett bygg.

Ny konkurranse på restarbeidet vert snart lyst ut.

#### Spørsmål frå Vegard Enerstvedt gjeldande økonomien til kommunen

- Kva er disposisjonsfondet pr. 31.12.
- Kva er status på koronakompensasjon ?, Altså kor mykje har me fått og kor mykje ekstrautgifter hadde me ?
- Finansdepartementet hadde rekna feil på skatteinntektene våre for 2021. Kor stor var feilen og kva effekt hadde dette på rekneskapsresultatet

- Rekneskapet er ikkje avlutta enno. Men ein forventar eit rekneskapsmessig underskot på drift. Berekna saldo disposisjonsfond pr. 31.12. kr. 31 282 833.

- Samla korona kompensasjon inkl. vaksinasjonsutgifter og koronakompensasjon utgjør kr. 25 457 000, og kommunen sine samla utgifter var. kr. 29. 446. 477.

- Kommunen sin andel av skatteinntektene vart sett til 32,47%. Men dette var feil. Kommunen sin andel skulle ha vore 34,01%. Dette utgjør meirinntekter på kr. 20 186 000.

Vedtak i saka var samrøystes.

### Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

## **Referatsaker**

### **RS 1/23 VS: Invitasjon til FKTs fagkonferanse 31. mai -1. juni**

**Saksprotokoll 16.02.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt i referatsaka.

#### **Vedtak:**

Referatsaka vart teken til orientering.

### **RS 2/23 VS: Sekretariat for kontrollutvalet frå 01.01.2023.**

**Saksprotokoll 16.02.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt i referatsaka.

#### **Vedtak:**

Referatsaka vart teken til orientering.